

Utval: Fylkesutvalet
Møtestad: Fylkesutvalsalen, Fylkeshuset i Bergen
Dato: 22.06.2017
Tidspunkt: 11.00-15.30

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Parti	Merknad
Pål Kårbø	Fung. fylkesordførar	KrF	
Roald Kvamme	Fung. fylkesvaraordførar	A	
Kari Sørensen Bernardini	Medlem	A	
Mari Klokkestuen Kjellesvik	Medlem	A	
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H	
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H	
Silje Hjemdal	Medlem	Frp	
Roald Stenseide	Medlem	Frp	
Benthe Bondhus	Medlem	Sp	
Aud Karin Oen	Medlem	SV	
Tom Sverre Tomren	Medlem	MDG	
Anne-Beth Njærheim	Medlem	V	

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Parti
Anne Gine Hestetun		A
Helge Nævdal	Medlem	A
Nils Marton Aadland	Medlem	H

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Parti
Synnøve Solbakken	Anne Gine Hestetun	A
Kjell Håland	Helge Nævdal	A
Stein Inge Ryssdal	Nils Marton Aadland	H

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Fylkesdirektør økonomi og organisasjon
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Hillevi Elizabeth Runshaug	Regionleiar opplæringsavdelinga
Anne Aune	Seksjonsleiar fylkesarkivet
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Arne Åsan	Fylkestannlege
Jostein Fjærestad	Eigedomsdirektør
Oddmund Sylta	Direktør Skyss
Janne Værnø	Kommunikasjonsdirektør
Bertil Søfteland	Leiar fylkessekretariatet
Sigrid Helene Aardal	Seniorrådgjevar fylkessekretariatet
Dianne Kilvær	Spesialkonsulent fylkessekretariatet
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar fylkessekretariatet

Gro Stien Thorvaldsen
sekretær

Sakliste

Utvals- Saknr.	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 171/17	Godkjenning møteinnkalling		
PS 172/17	Godkjenning møtebok førre møte		
PS 173/17	Referatsaker (meldingar)		
RS 75/17	Statusrapport samanslåing Etne/Ølen	2014/23406	
RS 76/17	Prøveprosjekt med velferdsteknologi for langtidssjuka barn og unge i vidaregåande skule	2017/3634	
RS 77/17	Det juridiske rammeverket for avvikling av eksamen ved offentlege vidaregåande skular	2014/14893	
RS 78/17	Svar på oversendingsforslag vedk. NDLA	2017/3492	
RS 79/17	Sykkel-VM og økonomiske konsekvensar for Skyss	2017/4923	
RS 80/17	Melding om framdriftsplan og status på investeringsprogram for fylkesvegnettet til RTP	2017/4336	
RS 81/17	Spørsmål om Kvinnherads tilknytning til ny E39	2014/15115	
RS 82/17	Melding om utsetting av framlegginga av sak om sjåførfasilitetar	2017/3152	
RS 83/17	Svar på spørsmål om kjøpris for bilistar i fellesferien	2015/1426	
RS 84/17	Belønningsordningen - Bergen 2015-2018. Utbetaling av midler for 2017 og svar på søknad om ekstra midler i 2017	2014/10571	
RS 85/17	Rv 13 i Ullensvang - møte om trafikkavvikling	2017/4876	
RS 86/17	Melding om tunneloppgradering	2016/149	
RS 87/17	Voss og omland bompengeselskap AS - Protokoll generalforsamlinga 22.05.2017	2014/16152	
RS 88/17	Fylkeskommunen sine planar for vidare bruk av 24-meter bussane	2016/412	
RS 89/17	Protokoll generalforsamling Vestnorsk Filmsenter AS 2017	2014/16033	
RS 90/17	Signert protokoll generalforsamlingen Carte Blanche 2017	2014/11637	
RS 91/17	Protokoll frå generalforsamling i Opero	2014/12017	
RS 92/17	Rapport - revidert skisseprosjekt av Sentralbadet som Scenekunsthus	2015/4446	
RS 93/17	Varslingsutvalet - Årsrapport 2016	2016/2330	
RS 94/17	Administrativ høyringsuttale Melding til Stortinget nr. 26 "Industrien - grønnere, smartere og mer nyskapende"	2017/3641	
RS 95/17	Breibandutbygging - Nasjonal tilskotsordning 2017 - prioriteringsliste	2017/1436	
RS 96/17	Regional plan for Hardangervidda - Rammer for rullering	2014/11266	
RS 97/17	Større saker til politisk behandling 2. halvår 2017	2015/10845	
RS 98/17	Status for spørsmål og oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. juni 2017	2015/10348	
RS 99/17	Barn i fattigdom - status på arbeid	2015/12196	
PS 174/17	Delegerte saker		
DS 4/17	Fornyning av sertifikatlån 335 mill. kr	2017/2247	

PS 175/17	Sal av Etne vgs. avdeling Tesdal	2014/11877
PS 176/17	Leigeavtale - butilbod for høyrselshemma elevar	2014/11854
PS 177/17	Oppfølging av skulebruksplanen (SBP) – løypemelding vår 2017	2016/4130
PS 178/17	Investeringsprogram for fylkesvegnettet til RTP 2018-2029	2017/4336
PS 179/17	Kjøp av aksjar i utskilt "AutoPASS - ferje selskap" i samband med Sørvest Bomvegsselskap AS sitt planlagde kjøp av BT Signaal AS	2016/34293
PS 180/17	Hydrogenteknologi i Hordaland	2016/34157
PS 181/17	Framlegg til biogasstrategi for Hordaland	2016/9781
PS 182/17	Årsbudsjett 2018 / Økonomiplan 2018 - 2021. Føresetnader og rammer.	2017/4411
PS 183/17	Høyringsfråsegn – Forslag til lov om mineralverksemd på kontinentalsokkelen	2017/4171
PS 184/17	Fylkeskoordinerande institusjon for privatarkiv i Hordaland	2017/1180
PS 185/17	Karriere Hordaland - etablering av fylkeskommunale karrieresenter for vaksne	2014/16238
PS 186/17	Gåve til Bergen og Omland Friluftsråd sitt 80-års-jubileum i 2017	2017/4635
PS 187/17	TV-aksjonen 2017 - driftsstøtte frå Hordaland fylkeskommune	2016/5103
PS 188/17	Sjølvforsvarskurs for jenter	2017/4402
PS 189/17	Ymse	

PS 171/17 Godkjenning møteinnkalling

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.06.2017

Vedtak

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

Saklista vart godkjend utan merknader.

PS 172/17 Godkjenning møtebok førre møte

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.06.2017

Fylkesordføraren opplyste at i møteprotokollen for fylkesutvalet 13.06.2016 er RS-sakene 71, 72, 73 og 74/17 sett opp i saklista. Ved ein inkurie var RS-sakene ikkje publisert, og var heller ikkje sendt ut til fylkesutvalet. Det var difor ikkje mogleg å behandle dei politisk. Dei fire RS-sakene vil verte lagt fram på nytt til augustmøtet.

Vedtak

Møteprotokollen frå fylkesutvalet 13.06.2017 vart godkjend med merknaden over.

PS 173/17 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.06.2017

I samband med RS 76/17 «Prøveprosjekt med velferdsteknologi for langtidssjuka barn og unge i vidaregåande skule» kommenterte **Silje Hjemdal (Frp)** at saka kanskje skulle ha vore behandla av fylkestinget, og ikkje av utval for opplæring og helse.

I samband med RS 82/17 «Melding om utsetting av framlegginga av sak om sjåførfasilitetar» spurde **Kari Sørensen Bernardini (A)** om noko er gjort sjølv om saka er utsett. Fylkesrådmannen svarte på spørsmålet.

I samband med RS 81/17 «Spørsmål om Kvinnherads tilknytning til ny E39» sette **Benthe Bondhus (Sp)** på vegner av Sp fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Ber om at denne meldingssaka vert sett på sakskartet:
RS 81/17 Spørsmål om Kvinnherads tilknytning til ny E39.»

Bondhus sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

I samband med RS 92/17 «Rapport - revidert skisseprosjekt av Sentralbadet som Scenekunsthus» stilte **Anne Beth Njærheim (V)** spørsmål knytt til eigarskap og fordeling av kostnader. Fylkesordføraren og fylkesrådmannen svarte på spørsmålet.

PS 174/17 Delegerte saker

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.06.2017

Vedtak

Delegert sak 4/17 vart teken til orientering.

PS 175/17 Sal av Etne vgs. avdeling Tesdal

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner sal av Etne vgs. avdeling Tesdal.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod lik eller høgare enn 90 % av prisønske som er kr 4.000.000.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.06.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner sal av Etne vgs. avdeling Tesdal.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod lik eller høgare enn 90 % av prisønske som er kr 4.000.000.

PS 176/17 Leigeavtale - butilbod for høyrselshemma elevar

Forslag til vedtak

Leigeavtale mellom Nordre Oterveg AS og Hordaland fylkeskommune vert godkjent.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.06.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Leigeavtale mellom Nordre Oterveg AS og Hordaland fylkeskommune vert godkjent.

PS 177/17 Oppfølging av skulebruksplanen (SBP) – løypemelding vår 2017

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 07.06.2017

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.06.2017

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

PS 178/17 Investeringsprogram for fylkesvegnettet til RTP 2018-2029

Forslag til innstilling

I utval for miljø og samferdsel 08.06.2017 vart RS 45/17 sett på sakskartet som politisk sak (PS) utan saksførelegg.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 08.06.2017

RS 45/17 vart sett på sakskartet som politisk sak (PS) utan saksførelegg.

Stein Inge Ryssdal (H) sette fram slikt forslag:

«Forslag til innstilling:

Fylkesutvalet tek løypemeldinga til orientering og godkjenner at fylkesrådmannen sender Investeringsprogram for fylkesvegnettet til RTP 2018-2029 på høyring utan forutgåande politisk handsaming.»

Røysting

Ryssdal sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet tek løypemeldinga til orientering og godkjenner at fylkesrådmannen sender Investeringsprogram for fylkesvegnettet til RTP 2018-2029 på høyring utan forutgåande politisk handsaming.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.06.2017

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet tek løypemeldinga til orientering og godkjenner at fylkesrådmannen sender Investeringsprogram for fylkesvegnettet til RTP 2018-2029 på høyring utan forutgåande politisk handsaming.

PS 179/17 Kjøp av aksjar i utskilt "AutoPASS - ferje selskap" i samband med Sørvest Bomvegselskap AS sitt planlagde kjøp av BT Signaal AS

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet løyver kr. 1 000 000 til kjøp av aksjar i utskilt «AutoPASS-ferje» selskap i samband med Sørvest Bomvegselskap AS sitt planlagde kjøp av BT Signaal AS. Løyvinga vert finansiert over kapitalfondet. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjera budsjettjustering.
2. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen utarbeida eit stiftingsdokument for selskapet i samsvar med formålet omtalt i saksframlegget. Fylkesordførar får fullmakt til å oppnemna eit midlertidig styre for selskapet. «AutoPASS - ferje».
3. Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen legg fram sak om eigarmessige forhold og vedtekter for eit «AutoPASS - ferje selskap» etter utskiljinga og etableringa av selskapet.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.06.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet løyver kr. 1 000 000 til kjøp av aksjar i utskilt «AutoPASS-ferje» selskap i samband med Sørvest Bomvegselskap AS sitt planlagde kjøp av BT Signaal AS. Løyvinga vert finansiert over kapitalfondet. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjera budsjettjustering.
2. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen utarbeida eit stiftingsdokument for selskapet i samsvar med formålet omtalt i saksframlegget. Fylkesordførar får fullmakt til å oppnemna eit midlertidig styre for selskapet. «AutoPASS - ferje».
3. Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen legg fram sak om eigarmessige forhold og vedtekter for eit «AutoPASS - ferje selskap» etter utskiljinga og etableringa av selskapet.

PS 180/17 Hydrogenteknologi i Hordaland

Forslag til vedtak

1. Utval for miljø og samferdsel vedtek følgjande mål og strategiar for Hordaland fylkeskommune sitt arbeid med hydrogen:

Hovudmål: Etablere ei verdikjede for fossilfri hydrogen i Hordaland, som del av ein større hydrogenmarknad på Vestlandet.

Delmål med strategiar:

1. Etablere nettverk med relevante aktørar, for å utveksle erfaringar og stimulere til felles initiativ.
 - a. Melde seg inn i relevante internasjonale nettverk.
 - b. Etablere eit Vestlandssamarbeid for å utveksle erfaringar og koordinere innsats for hydrogeninitiativ på Vestlandet.
 - c. Samarbeide med andre nasjonale aktørar for å sikre ein infrastruktur som gjer det mogleg å nytte hydrogen som drivstoff i bil og båt, også utanfor fylket.
 - d. Opprette ei intern arbeidsgruppe i Hordaland fylkeskommune med deltakarar frå relevante avdelingar og seksjonar, for å koordinere initiativ og samordne ressursane.
 2. I lag med næringsliv i fylket drive fram gode prosjekt som kan bidra til å etablere ein verdikjede for hydrogen.
 - a. Nytte etablerte verkemidlar for å stimulere til klimavenlege hydrogenprosjekt i næringslivet i fylket.
 - b. Bidra til oppbygging av hydrogenbaserte brukarflåter, som drosje, offentlege verksemdar eller andre, for å stimulere etterspurnaden etter hydrogen i fylket.
 3. Auke kompetansen om hydrogen som grunnlag for klimavenleg næringsliv.
 - a. Støtte og fremje forskingsprosjekt med hydrogen som tema, der kompetansmiljø frå fylket er deltakarar.
 4. Bidra til utbygging og planlegging av naudsynt infrastruktur for å realisere hydrogenrelaterte prosjekt i fylket.
 5. Bidra til å betre rammevilkåra som kan gjere fossilfri hydrogen sterkare i konkurransen med fossile energikjelder.
2. Rapportering om arbeidet skal skje årleg i samband med rullering av handlingsprogram for Klimaplan for Hordaland.
 3. Ved neste rullering av Klimaplan for Hordaland bør ein vurdere å ta inn dokumentet i planen.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 08.06.2017

Geir Angeltveit (V) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Fylkesutvalet ber administrasjonen gå i dialog med UiB, UiS, HVL og andre relevante utdanningsinstitusjonar for å knytte dei inn i samarbeidet på eit tidleg tidspunkt».

Natalie Golis (MDG) sette fram slikt forslag:

«Fylkesrådmannen sitt forslag med slike endringar (endringane står i kursiv):

Punkt 1: Utval for miljø og samferdsel vedtek følgjande mål og strategiar for Hordaland fylkeskommune *si satsing på hydrogen i Hordaland.*

Punkt 2: Rapportering om arbeidet skal skje årleg i samband med rullering av handlingsprogram for Klimaplan for Hordaland *og Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland.»*

Røysting

Det var 14 representantar til stades.

Golis sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag.

Angeltveit sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet vedtek følgjande mål og strategiar for Hordaland fylkeskommune si satsing på hydrogen i Hordaland:

Hovudmål: Etablere ei verdikjede for fossilfri hydrogen i Hordaland, som del av ein større hydrogenmarknad på Vestlandet.

Delmål med strategiar:

1. Etablere nettverk med relevante aktørar, for å utveksle erfaringar og stimulere til felles initiativ.
 - a. Melde seg inn i relevante internasjonale nettverk.
 - b. Etablere eit Vestlandssamarbeid for å utveksle erfaringar og koordinere innsats for hydrogeninitiativ på Vestlandet.
 - c. Samarbeide med andre nasjonale aktørar for å sikre ein infrastruktur som gjer det mogleg å nytte hydrogen som drivstoff i bil og båt, også utanfor fylket.
 - d. Opprette ei intern arbeidsgruppe i Hordaland fylkeskommune med deltakarar frå relevante avdelingar og seksjonar, for å koordinere initiativ og samordne ressursane.
 2. I lag med næringsliv i fylket drive fram gode prosjekt som kan bidra til å etablere ein verdikjede for hydrogen.
 - a. Nytte etablerte verkemidlar for å stimulere til klimavenlege hydrogenprosjekt i næringslivet i fylket.
 - b. Bidra til oppbygging av hydrogenbaserte brukarflåter, som drosje, offentlege verksemder eller andre, for å stimulere etterspurnaden etter hydrogen i fylket.
 3. Auke kompetansen om hydrogen som grunnlag for klimavenleg næringsliv.
 - a. Støtte og fremje forskingsprosjekt med hydrogen som tema, der kompetansmiljø frå fylket er deltakarar.
 4. Bidra til utbygging og planlegging av naudsynt infrastruktur for å realisere hydrogenrelaterte prosjekt i fylket.
 5. Bidra til å betre rammevilkåra som kan gjere fossilfri hydrogen sterkare i konkurransen med fossile energikjelder.
2. Rapportering om arbeidet skal skje årleg i samband med rullering av handlingsprogram for Klimaplan for Hordaland og Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland.
 3. Ved neste rullering av Klimaplan for Hordaland bør ein vurdere å ta inn dokumentet i planen.
 4. Fylkesutvalet ber administrasjonen gå i dialog med UiB, UiS, HVL og andre relevante utdanningsinstitusjonar for å knytte dei inn i samarbeidet på eit tidleg tidspunkt.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.06.2017

Tom Sverre Tomren (MDG) sette på vegner av MDG fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Fylkesutvalget gir rådmannen i oppdrag å stramme opp språkbruken slik at «fossilfri» innarbeides foran «hydrogen» der det passer.»

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Tomren sitt forslag fekk 2 røyster (MGD, V) og vart difor ikkje oversendt.

Vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek følgjande mål og strategiar for Hordaland fylkeskommune si satsing på hydrogen i Hordaland:

Hovudmål: Etablere ei verdikjede for fossilfri hydrogen i Hordaland, som del av ein større hydrogenmarknad på Vestlandet.

Delmål med strategiar:

1. Etablere nettverk med relevante aktørar, for å utveksle erfaringar og stimulere til felles initiativ.
 - a. Melde seg inn i relevante internasjonale nettverk.
 - b. Etablere eit Vestlandssamarbeid for å utveksle erfaringar og koordinere innsats for hydrogeninitiativ på Vestlandet.
 - c. Samarbeide med andre nasjonale aktørar for å sikre ein infrastruktur som gjer det mogleg å nytte hydrogen som drivstoff i bil og båt, også utanfor fylket.

- d. Opprette ei intern arbeidsgruppe i Hordaland fylkeskommune med deltakarar frå relevante avdelingar og seksjonar, for å koordinere initiativ og samordne ressursane.
 2. I lag med næringsliv i fylket drive fram gode prosjekt som kan bidra til å etablere ein verdikjede for hydrogen.
 - a. Nytte etablerte verkemidlar for å stimulere til klimavenlege hydrogenprosjekt i næringslivet i fylket.
 - b. Bidra til oppbygging av hydrogenbaserte brukarflåter, som drosje, offentlege verksemdar eller andre, for å stimulere etterspurnaden etter hydrogen i fylket.
 3. Auke kompetansen om hydrogen som grunnlag for klimavenleg næringsliv.
 - a. Støtte og fremje forskingsprosjekt med hydrogen som tema, der kompetansemiljø frå fylket er deltakarar.
 4. Bidra til utbygging og planlegging av naudsynt infrastruktur for å realisere hydrogenrelaterte prosjekt i fylket.
 5. Bidra til å betre rammevilkåra som kan gjere fossilfri hydrogen sterkare i konkurransen med fossile energikjelder.
2. Rapportering om arbeidet skal skje årleg i samband med rullering av handlingsprogram for Klimaplan for Hordaland og Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland.
 3. Ved neste rullering av Klimaplan for Hordaland bør ein vurdere å ta inn dokumentet i planen.
 4. Fylkesutvalet ber administrasjonen gå i dialog med UiB, UiS, HVL og andre relevante utdanningsinstitusjonar for å knytte dei inn i samarbeidet på eit tidleg tidspunkt.

PS 181/17 Framlegg til biogasstrategi for Hordaland

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek Biogasstrategi for Hordaland og inviterer relevante aktørar i fylket til å slute opp om måla og verkemidlane.
2. Fylkesutvalet ser behov for å innovasjon og kompetanseheving. Gjennom kvalifisering til finansiering frå «Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland», «Regionalt forskingsfond Vestlandet» og «Klimaplan for Hordaland» vil Fylkeskommunen støtte kunnskapsbygging innan områda:
 - a. Forretningsmodellar for samrotning av næringsavfall og husdyrgjødsel
 - b. Bruk av biorest i landbruket i Hordaland
 - c. Samrotning av avfall frå fiskeoppdrettsnæringa og GROT (greiner, røter og toppar).
 Fylkeskommunen vil prioritere prosjekt som er både klimaeffektive og økonomiske.
3. Fylkesutvalet peiker på eksisterande tiltak 5.19 i Handlingsprogram i Klimaplan for Hordaland med omsyn til å initiere fylleinfrastruktur for biogass for tunge køyretøy. Det er i denne samanheng spesielt relevant å nytte nasjonale støtteordningar.
4. Fylkesutvalet kjem tilbake til vurderingar av biogass i kollektivdrifta ved handsaminga av temaplan for innføring av låg- og nullutsleppsteknologi for bussar i Hordaland. Temaplanen vert lagt fram for Utval for miljø og samferdsel, Fylkesutvalet og Fylkestinget i september/oktober 2017.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 08.06.2017

Per Lerøy (A) stilte spørsmål om han var inhabil fordi med i styret for HOG Energi. Lerøy gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Utval for miljø og samferdsel vedtok samrøystes at han var inhabil etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Per Lerøy gjekk frå under behandlinga av saka.

Gustav Bahus (Frp) sette på vegner av Frp, MGD, V og H fram slikt forslag:

«Fylkesrådmannen sitt forslag, med nytt punkt 1:

Fylkesutvalet meiner at arbeidet som er gjort i høve til «Biostrategi i Hordaland» er eit godt grunnlag for vidare arbeid med ein endeleg strategi. Fylkesutvalet inviterer relevante aktørar til å delta i det vidare arbeidet. Fylkesutvalet ber om at desse aktørane vert deltakarar i arbeidet med å ferdigstille strategien, slik at strategien er klar til å verte ein del av temaplanen som kjem i fylkesutvalet og fylkestinget i september og oktober 2017.»

Synnøve Solbakken (A) sette fram slikt forslag:

«Tilleggspunkt:

Hordaland fylkeskommune skal ta initiativ til eit samarbeid med fylka knytt til Vestlandsrådet om auka bruk og produksjon av biogass.»

Per Roald Hasborg (Sp) sette fram slikt forslag:

«Tilleggspunkt:

HOG vert oppmoda om å innhente informasjon frå EU-prosjektet Enerbox om moglegheit for synergjar ved å kombinere bruk av biogass med bruk av oksyhydrogen.»

Røysting

Det var 12 representantar til stades.

Bahus sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 fekk ingen røyster og fall.

Solbakken sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Hasborg sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet meiner at arbeidet som er gjort i høve til «Biostrategi i Hordaland» er eit godt grunnlag for vidare arbeid med ein endeleg strategi. Fylkesutvalet inviterer relevante aktørar til å delta i det vidare arbeidet. Fylkesutvalet ber om at desse aktørane vert deltakarar i arbeidet med å ferdigstille strategien, slik at strategien er klar til å verte ein del av temaplanen som kjem i fylkesutvalet og fylkestinget i september og oktober 2017..

2. Fylkesutvalet ser behov for å innovasjon og kompetanseheving. Gjennom kvalifisering til finansiering frå «Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland», «Regionalt forskingsfond Vestlandet» og «Klimaplan for Hordaland» vil fylkeskommunen støtte kunnskapsbygging innan områda:

Forretningsmodellar for samrotning av næringsavfall og husdyrgjødsel

Bruk av biorest i landbruket i Hordaland

Samrotning av avfall frå fiskeoppdrettsnæringa og GROT (greiner, røter og toppar).

Fylkeskommunen vil prioritere prosjekt som er både klimaeffektive og økonomiske.

3. Fylkesutvalet peiker på eksisterande tiltak 5.19 i Handlingsprogram i Klimaplan for Hordaland med omsyn til å initiere fylleinfrastuktur for biogass for tunge køyretøy. Det er i denne samanhengen spesielt relevant å nytte nasjonale støtteordningar.
4. Fylkesutvalet kjem tilbake til vurderingar av biogass i kollektivdrifta ved handsaminga av temaplan for innføring av låg- og nullutsleppsteknologi for bussar i Hordaland. Temaplanen vert lagt fram for utval for miljø og samferdsel, fylkesutvalet og fylkestinget i september/oktober 2017.

5. Hordaland fylkeskommune skal ta initiativ til eit samarbeid med fylka knytt til Vestlandsrådet om auka bruk og produksjon av biogass.
6. HOG vert oppmoda om å innhente informasjon frå EU-prosjektet Enerbox om moglegheit for synergjar ved å kombinere bruk av biogass med bruk av oksyhydrogen.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.06.2017

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:

«Tillegg, på slutten av punkt 2:
Fylkesutvalet føreset at biogassen som vert brukt i Hordaland fylkeskommune er berekraftsertifisert.»

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Tomren sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (Frp).

Vedtak

1. Fylkesutvalet meiner at arbeidet som er gjort i høve til «Biostrategi i Hordaland» er eit godt grunnlag for vidare arbeid med ein endeleg strategi. Fylkesutvalet inviterer relevante aktørar til å delta i det vidare arbeidet. Fylkesutvalet ber om at desse aktørane vert deltakarar i arbeidet med å ferdigstille strategien, slik at strategien er klar til å verte ein del av temaplanen som kjem i fylkesutvalet og fylkestinget i september og oktober 2017.
2. Fylkesutvalet ser behov for å innovasjon og kompetanseheving. Gjennom kvalifisering til finansiering frå «Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland», «Regionalt forskingsfond Vestlandet» og «Klimaplan for Hordaland» vil fylkeskommunen støtte kunnskapsbygging innan områda:

Forretningsmodellar for samrotning av næringsavfall og husdyrgjødsel
Bruk av biorest i landbruket i Hordaland
Samrotning av avfall frå fiskeoppdrettsnæringa og GROT (greiner, røter og toppar).

Fylkeskommunen vil prioritere prosjekt som er både klimaeffektive og økonomiske.

Fylkesutvalet føreset at biogassen som vert brukt i Hordaland fylkeskommune er berekraftsertifisert.

3. Fylkesutvalet peiker på eksisterande tiltak 5.19 i Handlingsprogram i Klimaplan for Hordaland med omsyn til å initiere fylleinfrastuktur for biogass for tunge køyretøy. Det er i denne samanhengen spesielt relevant å nytte nasjonale støtteordningar.
4. Fylkesutvalet kjem tilbake til vurderingar av biogass i kollektivdrifta ved handsaminga av temaplan for innføring av låg- og nullutsleppsteknologi for bussar i Hordaland. Temaplanen vert lagt fram for utval for miljø og samferdsel, fylkesutvalet og fylkestinget i september/oktober 2017.
5. Hordaland fylkeskommune skal ta initiativ til eit samarbeid med fylka knytt til Vestlandsrådet om auka bruk og produksjon av biogass.
6. HOG vert oppmoda om å innhente informasjon frå EU-prosjektet Enerbox om moglegheit for synergjar ved å kombinere bruk av biogass med bruk av oksyhydrogen.

PS 182/17 Årsbudsjett 2018 / Økonomiplan 2018 - 2021. Føresetnader og rammer.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet tek til orientering dei økonomiske rammene for perioden 2018-2021 slik dei er skisserte i saka. Rammene vert å justera i den grad ein får nye haldepunkt som gjev grunnlag for det.

Fylkesutvalet viser vidare til at kostnadsauken i perioden overgår inntektsveksten ein kan rekna med. I det vidare budsjettarbeidet må det difor arbeidast med tiltak i alle sektorar som gjev varig reduserte kostnader.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.06.2017

Silje Hjemdal (Frp) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Fylkesutvalget ber om en sak om potensiale for reklamefinansiert kollektiv. Dette for å vise hvilke muligheter fylkeskommunen har for å få inntekter til drift, og ikke minst hvilken betydning dette vil kunne ha for fremtidige budsjett.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Hjemdal sitt forslag fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Vedtak

Fylkesutvalet tek til orientering dei økonomiske rammene for perioden 2018-2021 slik dei er skisserte i saka. Rammene vert å justera i den grad ein får nye haldepunkt som gjev grunnlag for det.

Fylkesutvalet viser vidare til at kostnadsauken i perioden overgår inntektsveksten ein kan rekna med. I det vidare budsjettarbeidet må det difor arbeidast med tiltak i alle sektorar som gjev varig reduserte kostnader.

PS 183/17 Høyringsfråsegn – Forslag til lov om mineralverksemd på kontinentalsokkelen

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet er positivt til forslaget om ny lov om mineralverksemd på kontinentalsokkelen, og til forslaget der om å vidareføre fylkeskommunen si fullmakt til å gje løyve til utvinning av skjelsand, sand og grus.
2. Fylkesutvalet ser behov for at det så snart som råd etter at lova er vedteken vert utarbeidd oppdaterte saksbehandlingsreglar rundt søknader om løyve til utvinning skjelsand, sand og grus i dei nære kystområda.
3. Etter at lova er vedteken føreslår fylkesutvalet at det vert utarbeidd det som i høyringsnotatet er kalla ei «strategisk konsekvensutgreiing» som grunnlag for vidare ressursforvaltning av skjelsand i dei nære kystområda.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 20.06.2017

Det var 12 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet er positivt til forslaget om ny lov om mineralverksemd på kontinentalsokkelen, og til forslaget der om å vidareføre fylkeskommunen si fullmakt til å gje løyve til utvinning av skjelsand, sand og grus.

2. Fylkesutvalet ser behov for at det så snart som råd etter at lova er vedteken vert utarbeidd oppdaterte saksbehandlingsreglar rundt søknader om løyve til utvinning skjelsand, sand og grus i dei nære kystområda.
3. Etter at lova er vedteken føreslår fylkesutvalet at det vert utarbeidd det som i høyringsnotatet er kalla ei «strategisk konsekvensutgreiing» som grunnlag for vidare ressursforvaltning av skjelsand i dei nære kystområda.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.06.2017

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet er positivt til forslaget om ny lov om mineralverksemd på kontinentalsokkelen, og til forslaget der om å vidareføre fylkeskommunen si fullmakt til å gje løyve til utvinning av skjelsand, sand og grus.
2. Fylkesutvalet ser behov for at det så snart som råd etter at lova er vedteken vert utarbeidd oppdaterte saksbehandlingsreglar rundt søknader om løyve til utvinning skjelsand, sand og grus i dei nære kystområda.
3. Etter at lova er vedteken føreslår fylkesutvalet at det vert utarbeidd det som i høyringsnotatet er kalla ei «strategisk konsekvensutgreiing» som grunnlag for vidare ressursforvaltning av skjelsand i dei nære kystområda.

PS 184/17 Fylkeskoordinerande institusjon for privatarkiv i Hordaland

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet tilrår at fylkesarkivet ved kultur- og idrettsavdelinga held fram i rolla som fylkeskoordinerande institusjon for privatarkiv i Hordaland.
2. Fylkesutvalet ser det som viktig å arbeide for at koordinering av privatarkivarbeidet i ein eventuell ny region blir sikra.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 20.06.2017

Det var 12 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet tilrår at fylkesarkivet ved kultur- og idrettsavdelinga held fram i rolla som fylkeskoordinerande institusjon for privatarkiv i Hordaland.
2. Fylkesutvalet ser det som viktig å arbeide for at koordinering av privatarkivarbeidet i ein eventuell ny region blir sikra.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.06.2017

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet tilrår at fylkesarkivet ved kultur- og idrettsavdelinga held fram i rolla som fylkeskoordinerande institusjon for privatarkiv i Hordaland.
2. Fylkesutvalet ser det som viktig å arbeide for at koordinering av privatarkivarbeidet i ein eventuell ny region blir sikra.

PS 185/17 Karriere Hordaland - etablering av fylkeskommunale karrieresenter for voksne

Forslag til innstilling

1. Senter for Yrkesretteiing endrar frå 01.10.17 namn til Karriere Hordaland. Det fylkeskommunale karrieresenteret i Bergen skal ha overordna ansvar for det offentlige karriereletteiingstilbodet for voksne i fylket.
2. Karriere Hordaland vert lagt organisatorisk til regionalavdelinga frå 01.10.17. Karriere Hordaland skal tilby gratis og profesjonell karriereretteiing til voksne og vere eit kompetansepolitisk verkemiddel i arbeidet med partnerskap for karriereretteiing i tråd med statlege føringar på området.
3. Karriere Sunnhordland vert frå 01.10.17 organisatorisk lagt som ei eining under Karriere Hordaland, Bergen. Det ny namnet på senteret vert Karriere Hordaland.
4. Karriere Hordaland etablerer frå 01.10.17 nytt senter for karriereretteiing på Knarvik innanfor gjeldande økonomiske rammer

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 31.05.2017

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda:

1. Senter for Yrkesretteiing endrar frå 01.10.17 namn til Karriere Hordaland. Det fylkeskommunale karrieresenteret i Bergen skal ha overordna ansvar for det offentlige karriereletteiingstilbodet for voksne i fylket.
2. Karriere Hordaland vert lagt organisatorisk til regionalavdelinga frå 01.10.17. Karriere Hordaland skal tilby gratis og profesjonell karriereretteiing til voksne og vere eit kompetansepolitisk verkemiddel i arbeidet med partnerskap for karriereretteiing i tråd med statlege føringar på området.
3. Karriere Sunnhordland vert frå 01.10.17 organisatorisk lagt som ei eining under Karriere Hordaland, Bergen. Det ny namnet på senteret vert Karriere Hordaland.
4. Karriere Hordaland etablerer frå 01.10.17 nytt senter for karriereretteiing på Knarvik innanfor gjeldande økonomiske rammer

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 07.06.2017

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Senter for Yrkesretteiing endrar frå 01.10.17 namn til Karriere Hordaland. Det fylkeskommunale karrieresenteret i Bergen skal ha overordna ansvar for det offentlige karriereletteiingstilbodet for voksne i fylket.
2. Karriere Hordaland vert lagt organisatorisk til regionalavdelinga frå 01.10.17. Karriere Hordaland skal tilby gratis og profesjonell karriereretteiing til voksne og vere eit kompetansepolitisk verkemiddel i arbeidet med partnerskap for karriereretteiing i tråd med statlege føringar på området.
3. Karriere Sunnhordland vert frå 01.10.17 organisatorisk lagt som ei eining under Karriere Hordaland, Bergen. Det ny namnet på senteret vert Karriere Hordaland.

4. Karriere Hordaland etablerer frå 01.10.17 nytt senter for karriererettleiing på Knarvik innanfor gjeldande økonomiske rammer

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 20.06.2017

Det var 12 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Senter for Yrkesretteiing endrar frå 01.10.17 namn til Karriere Hordaland. Det fylkeskommunale karrieresenteret i Bergen skal ha overordna ansvar for det offentlige karriererettleiingstilbodet for vaksne i fylket.
2. Karriere Hordaland vert lagt organisatorisk til regionalavdelinga frå 01.10.17. Karriere Hordaland skal tilby gratis og profesjonell karriererettleiing til vaksne og vere eit kompetansepolitisk verkemiddel i arbeidet med partnerskap for karriererettleiing i tråd med statlege føringar på området.
3. Karriere Sunnhordland vert frå 01.10.17 organisatorisk lagt som ei eining under Karriere Hordaland, Bergen. Det ny namnet på senteret vert Karriere Hordaland.
4. Karriere Hordaland etablerer frå 01.10.17 nytt senter for karriererettleiing på Knarvik innanfor gjeldande økonomiske rammer.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.06.2017

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Senter for Yrkesretteiing endrar frå 01.10.2017 namn til Karriere Hordaland. Det fylkeskommunale karrieresenteret i Bergen skal ha overordna ansvar for det offentlige karriererettleiingstilbodet for vaksne i fylket.
2. Karriere Hordaland vert lagt organisatorisk til regionalavdelinga frå 01.10.2017. Karriere Hordaland skal tilby gratis og profesjonell karriererettleiing til vaksne og vere eit kompetansepolitisk verkemiddel i arbeidet med partnerskap for karriererettleiing i tråd med statlege føringar på området.
3. Karriere Sunnhordland vert frå 01.10.2017 organisatorisk lagt som ei eining under Karriere Hordaland, Bergen. Det ny namnet på senteret vert Karriere Hordaland.
4. Karriere Hordaland etablerer frå 01.10.2017 nytt senter for karriererettleiing på Knarvik innanfor gjeldande økonomiske rammer.

PS 186/17 Gåve til Bergen og Omland Friluftsråd sitt 80-års-jubileum i 2017

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet løyver kr 25.000 som gåve til Bergen og Omland Friluftsråd i høve markering av 80-års-jubileumet. Gåva vert gitt i form av å dekke kostnaden for kulturinnslag ved nasjonal friluftskonferanse 8. og 9. juni.

Budsjettet vert endra slik:

budsjettpost 10.720.200.00.14900 Tilleggsloøyvingskonto fylkesutvalet - går ned med kr 25.000

budsjettpost 10.400.450.00 Tilskot til friluftsføremål – aukar med kr 25.000

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 20.06.2017

Det var 12 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet løyver kr 25.000 som gåve til Bergen og Omland Friluftsråd i høve markering av 80-års-jubileumet. Gåva vert gitt i form av å dekke kostnaden for kulturinnslag ved nasjonal friluftskonferanse 8. og 9. juni.

Budsjettet vert endra slik:

budsjettpost 10.720.200.00.14900 Tilleggsøyvingskonto fylkesutvalet - går ned med kr 25.000

budsjettpost 10.400.450.00 Tilskot til friluftsføremål – aukar med kr 25.000

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.06.2017

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet løyver kr 25.000 som gåve til Bergen og Omland Friluftsråd i høve markering av 80-års-jubileumet. Gåva vert gitt i form av å dekke kostnaden for kulturinnslag ved nasjonal friluftskonferanse 8. og 9. juni.

Budsjettet vert endra slik:

budsjettpost 10.720.200.00.14900 Tilleggsøyvingskonto fylkesutvalet – går ned med kr 25.000

budsjettpost 10.400.450.00 Tilskot til friluftsføremål – aukar med kr 25.000

PS 187/17 TV-aksjonen 2017 - driftsstøtte frå Hordaland fylkeskommune

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet løyver kr 100 000 i driftstilskot til TV-aksjonen 2017.

Budsjettet vert endra slik:

120 930 00. 14700	Ymse tilskot	+ 100 000
-------------------	--------------	-----------

720 200 00. 14900	Til rådvelde for tilleggsøyvingar	- 100 000
-------------------	-----------------------------------	-----------

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.06.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet løyver kr 100 000 i driftstilskot til TV-aksjonen 2017.

Budsjettet vert endra slik:

120 930 00. 14700	Ymse tilskot	+ 100 000
-------------------	--------------	-----------

720 200 00. 14900	Til rådvelde for tilleggsøyvingar	- 100 000
-------------------	-----------------------------------	-----------

PS 188/17 Sjølvforsvarskurs for jenter

Forslag til innstilling

Det skal prøvast ut ei ordning med sjølvforsvarskurs for jenter ved om lag 3 -5 vidaregåande skular hausten 2017.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 07.06.2017

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart vedteke mot 3 røyster (H).

Innstilling til fylkesutvalet

Det skal prøvast ut ei ordning med sjølvforsvarskurs for jenter ved om lag 3 -5 vidaregåande skular hausten 2017.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.06.2017

Silje Hjemdal (Frp) sette fram slikt forslag:

«Det skal prøvast ut ei ordning med sjølvforsvarskurs ved om lag 3 -5 vidaregåande skular hausten 2017.»

Røysting

Innstillinga vart vedteken med 10 røyster mot 5 røyster (Frp, H) for Hjemdal sitt forslag.

Vedtak

Det skal prøvast ut ei ordning med sjølvforsvarskurs for jenter ved om lag 3 -5 vidaregåande skular hausten 2017.

PS 189/17 Ymse

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.06.2017

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: 175, 177, 185, 179, 178, 176,180-184, 186-188/17.

ORIENTERINGAR

Styreleiar Dag Jarle Aksnes presenterte Sunnhordland Lufthavn AS og dagleg leiar Jan Morten Myklebust frå Sunnhordland Lufthavn orienterte om Kværner sin bruk av Sunnhordland Lufthavn.

I junetinget 2017 fekk Kenneth Bruvik Hordaland fylkeskommune sin miljøpris for arbeidet med å få i gang strandrydding og rette søkelyset på marin forsøpling. Han orienterte om det vidare arbeidet og om behovet for støtte for å få dette til.

VAL

Regionalt samarbeidsorgan

Anne Beth Njærheim (V) viste til sak 48/17 i junetinget 2017 «Program for folkehelsearbeid i kommunane 2017-2027, deltaking frå Hordaland» og vedtaket i punkt 3: «Fylkestinget gir fylkesutvalet fullmakt til å oppnemne representant til Regionalt samarbeidsorgan». Ho gjorde framlegg om at representant til samarbeidsorganet vert oppnemnd av fylkesutvalet.

Fylkesutvalet vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget.

Roald Kvamme (A) gjorde framlegg om Kjell Håland som representant til Regionalt samarbeidsorgan.

Mona Røsvik Strømme (H) gjorde framlegg om Anne Beth Njærheim som vararepresentant.

Røysting

Strømme og Kvamme sine forslag vart samrøystes vedtekne.

Vedtak

Fylkesutvalet oppnemner følgjande til Regionalt samarbeidsorgan i «Program for folkehelsearbeid i kommunane 2017-27 i Hordaland»:

Representant: Kjell Håland
Vararepresentant: Anne Beth Njærheim

Nordsjøkommisjonen

Mona Røsvik Strømme (H) sette på vegner av H fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«De tematiske gruppene i Nordsjøkommisjonen blir å behandle i fylkestinget i oktober.»

Strømme sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Invest in Bergen

Benthe Bondhus (Sp) sette fram slik forslag:

«Etter omorganisering av BRB vart Invest in Bergen overført/vidareført som eit samarbeid mellom kommunar i Hordaland og fylkeskommunen. Det vart oppretta ei arbeidsgruppe og ei styringsgruppe.

Fylkesutvalet ønskjer politisk leiing i styringsgruppa, Invest in Bergen og oppnemner Roald Kvamme som fast medlem og leiar i styringsgruppa.»

Anne Beth Njærheim (V) gjorde framlegg om Mona Røsvik Strømme som varamedlem i styringsgruppa.

Røysting

Fylkesutvalet vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaga og vedtok deretter samrøystes forslaga frå Bondhus og Njærheim.

Vedtak

Etter omorganisering av BRB vart Invest in Bergen overført/vidareført som eit samarbeid mellom kommunar i Hordaland og fylkeskommunen. Det vart oppretta ei arbeidsgruppe og ei styringsgruppe.

Fylkesutvalet ønskjer politisk leiing i styringsgruppa, Invest in Bergen og oppnemner følgjande:

Medlem og leiar av styringsgruppa: Roald Kvamme
Varamedlem i styringsgruppa: Mona Røsvik Strømme

OPEN TIME

Aud Karin Oen (SV) hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Det har kome reaksjonar frå Stord på dei nye bussrutene. Særleg er det nemnt Sagvåg/Litlabø som er Sunnhordland sin største tettstad. Litlabøområdet har og svært trafikkarfarlige vegar, så av trafikkomsyn for mjuke trafikkantar, bør ein syte for at tilbodet blir oppretthalde. Det er ikkje reelle sykkelmoglegheiter.

Kan fylkesordføraren gjere greie for dette og skissere tiltak?»

Det var utarbeidd slikt svar:

«Rutetilbudet i og rundt Leirvik er planlagt med grunnlag i vedtatt Trafikkplan for Sunnhordland. Ramma for nytt tilbod er dagens nivå på ruteproduksjon. Innanfor denne ramma er det gjort justeringar og omprioriteringar i rutetilbudet, med mål om å få eit enkelt og effektivt linjenett for flest mogleg. Det inneber mellom anna å prioritere best tilbod i område der passasjergrunnlaget er størst og der utbygging gir potensiale for fleire kollektivreisande. I andre område er tilbodet justert ned, tilpassa etterspurnaden.

Rutetilbudet på linje 673 er i nytt anbod styrka for området Sætrevik/Sagvåg, medan tilbodet over Litlabø noko redusert. Tilpassinga er gjort ut frå ei samla vurdering, og innanfor dei økonomiske rammene som er gitt.

Mellom Litlabø skule og Sagvåg er det fortau skild med autovern, som legg til rette for trygg ferdsel for mjuke trafikantar.»

Silje Hjemdal (Frp) stilte slikt spørsmål:

«Kan fylkesrådmannen gi en oversikt over mulig potensiale for inntekter til Hordaland fylkeskommune via reklamefinansiert kollektiv?»

Fylkesrådmannen vil kome tilbake med svar.

Stein Inge Ryssdal (H) sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Fylkesutvalet vil be fylkesrådmannen leggje fram sak om korleis andre kollektivreisande kan nytte plassar på innfartsparkering som ikkje vert nytta av reisande med periodekort.»

Ryssdal sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Roald Stenseide (Frp) stilte slikt spørsmål:

«Se på kryss Davanger/Breivik vedr. tiltak trafikksikning.»

Fylkesrådmannen vil kome tilbake med svar.

Mona Røsvik Strømme (H) sette fram slikt forslag:

«Forslag til vedtak om deltagelse i prosjekt om marin forsøpling

Bakgrunnsinformasjon Interreg Europe-prosjekt om marin forsøpling

Havet og kysten tilføres store mengder menneskeskapt avfall. Gjenstander av plast, gummi og andre lite nedbrytbare materialer kan bli værende i miljøet i hundrevis av år og skade dyr og mennesker.

Det er anslått at 15 prosent av det marine avfallet flyter på havet, 15 prosent ligger i strandsonen og at hele 70 prosent synker og blir liggende på havbunnen. Deler av avfallet i havet kan bli ført med strømmene ned til dype kløfter på havbunnen hvor det samles opp og blir liggende i hundrevis av år.

Denne problematikken ble ekstra synlig da en hval døde på Sotra. Det ble fort tydelig at dette var forårsaket av flere titalls plastposer i magen til hvalen. Flere kommuner og organisasjoner i Hordaland har siden deltatt i ryddeaksjoner i fylket og Hordaland fylkeskommune delte også ut miljøprisen 2017 til Kenneth Bruvik for plastydding i strandsonen. Marin forsøpling i Hordaland har fått stor nasjonal og internasjonal oppmerksomhet i etterkant av hvalen på Sotra. Sky News har også laget en egen dokumentar om problematikken, men også om den fantastiske lokale innsatsen i Hordaland.

Hordaland fylkeskommune har mottatt en forespørsel om deltagelse i Interreg Europe-prosjekt om marin forsøpling. Denne forespørselen er kommet veldig sent, ettersom fristen allerede er 30. juni. Derfor har forespørselen ikke vært diskutert med fagavdelinger. Internasjonal gruppe har heller ikke hatt mulighet til å vurdere prosjektinnhold og partnere, slik normal rutine er.

Partnersøket er kommet gjennom kanaler i Nordsjøkommisjonen. Nordsjøkommisjonen er en nyttig kanal for å finne prosjektpartnere. Den korte fristen gjør det vanskelig å sette sammen et egnet kon-sortium i regionen bestående av eksempelvis fylkeskommunen, kommune(r), frivillig sektor og forskningsinstitusjoner

Hensikt

Håndtere forsøpling i havet, herunder plastikk. I prosjektet vil man bygge opp et kunnskapsgrunnlag, dele god praksis og finne metoder for å bekjempe marin forsøpling.

- Sikre informasjonsflyt mellom lokale og regionale myndigheter om forsøpling av plastikk i sjø og elver. Det vil gjøres ved en sammenligning av planer, handlingsplaner og prosjekter i partnerregionene.
- Utvikle bedre systemer for å håndtere forsøpling fra plastikk i vann. Det vil bli gjennomført ved bruk av forskningsdata og statistikk om strømninger, hvordan plastikk oppfører seg i vann og kilder til forsøpling.
- Sammenligne eksisterende politikk og komme opp med felles ideer for anbefalt politikk for å håndtere marin forsøpling. I prosjektet vil en se på hvilke metoder som er mest effektive, og på hvilket stadium man bør sette i gang tiltak.

Innhold i prosjektet

Prosjektet har to faser; kunnskapsinnhenting og gjennomføring av handlingsplan. Totalt varer pro-sjektet i fem år.

År 1: innhente kunnskap

År 2+3: Utvikle handlingsplan basert på tilgjengelig kunnskap og god praksis

År 4 og 5: gjennomføre handlingsplan

Budsjett

Hver partner har et budsjett på 200 000 euro. For norske partnere kan man få dekket inntil 50% av prosjektkostnadene.

Hva som forventes av nye prosjektpartnere

- Rask handling, fristen er 30. juni
- Fulle ut partnerinformasjon og støttebrev
- Sette sammen et egnet konsortium
- Forplikte deltakelse og finansiering i prosjektet over fem år. For norske partnere vil det være 100 000 euro over prosjektperioden. Det kan dekkes av arbeidstimer.

Forslag til vedtak:

- Hordaland fylkeskommune ønsker å være et foregangsfylke i Norge innen kunnskap og god praksis om marin forsøpling
- Hordaland fylkeskommune søker om deltagelse i prosjektet "SPLASH: Stop-PLAStic-in-H2O - Sharing Practices on plastic Litter in water to ASsess Harmoniza-tion" innen 30. Juni 2017
- Kostnadene for deltagelse i prosjektet dekkes av _____ fond. Hordaland fylkeskommune ber fylkesrådmannen utarbeide et forslag på hvilken måte dette prosjektet alternativt kan dekkes ved bruk av arbeidstimer.»

Røysting (realitetsbehandling)

7 av representantane (A, Sp, KrF) røysta mot at forslaget skulle realitetsbehandlast. Forslaget vart dermed ikkje realitetsbehandla, jf. kommunelova § 34 nr. 1, 2. setning.

Mona Røsvik Strømme gjorde på vegner av H framlegg om at forslaget vart oversendt til fylkesrådmannen.

Røysting (oversendingsforslaget)

Strømme sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Benthe Bondhus (Sp) stilte spørsmål knytt til tannklinikkstrukturen, - leige/utleige av areal og utstyr, eks. Rosendal tannklinikk. Fylkestannlegen svarte på spørsmålet.

Benthe Bondhus (Sp) viste til regionale søkbare midlar for frivillige organisasjonar og stilte spørsmål om rutinar. Fylkesdirektør regional utvikling svarte på spørsmålet.

Anne Beth Njærheim (V) stilte spørsmål om nye rutetider i Sunnhordland, og endringar i rutetider på vestsida av Bømlo, og konsekvensar dette har medført når bussruter seinare på kvelden er tatt bort. Ho skal sende meir informasjon til Skyss seinare.

Roald Kvamme (A) sette på vegner av (A) fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Fylkesutvalet viser til sak 66/16 i fylkesutvalet 24.02.2016 «Clean North Sea Clean North Sea Multi Modal Transport Network - deltaking i prosjekt», og ber om ei sak der ein kan få vurdert ei ny oppfølging av saka og eit eventuelt nytt initiativ som kan vera grunnlag for eit prosjekt «Grøn skipsfart» som ein også kan søkja Interreg-midlar til.»

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Aud Karin Oen (SV) viste til bybanesaka (sak 68/17 i juniringet 2017) og hadde spørsmål knytt til vognvedlikehald. Fylkesrådmannen svarte på spørsmålet.

Aud Karin Oen (SV) viste til tidlegare innspel om budsjettseminar for t.d. gruppeleiarar og utvalsleiarar, og oppmoda fylkesrådmannen om å arrangere eit dagsseminar om det komande budsjettet. Fylkesrådmannen svarte.

Tom Sverre Tomren (MDG) viste til klage frå taxinæringa fordi enkelte verksemder som har fått konsesjon til tilbringarteneste ikkje har fått stilt miljøkrav til seg og stilte spørsmål knytt til dette. Fylkesordføraren svarte.